

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	11. etg, Fylkeshuset
Dato:	24.09.2015
Tid:	10:00

Program for dagen

KI 10.00 – 11.00 Sakshandsaming
KI 11.00 – 11.30 Lunsj
KI 11.30 – 13.00 Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Margot Bertheussen
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 24/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 25/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 26/15	Godkjenning av sakliste		
PS 27/15	Referatsak (meldingar)		
PS 28/15	Status økonomi fylkeseldrerådet	2014/557	
PS 29/15	Evaluering av Eldrerådskonferansen 2015	2014/557	
PS 30/15	Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd 2014	2014/557	
PS 31/15	Ymse		

PS 24/15 Godkjenning av møteinnkalling

PS 25/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 26/15 Godkjenning av sakliste

PS 27/15 Referatsak (meldingar)



Arkivnr: 2014/557-105
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	28/15	24.09.2015

Status økonomi fylkeseldrerådet

Samandrag

Fylkeseldrerådet gjennomgår status økonomi / rekneskap i møtet.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet til status for økonomi / rekneskap til orientering.

Janne Værnø
Kommunikasjonsdirektør

Arild Sondre Sekse
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

DRIFT pr. S E P T E M B E R 2015

Kostn.st.: 10031000 Fylkeseldreråd

Leder:

Revidert budsjett
R1/(1000 kr.)

Konto	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	UBRUKT BUDSJETT	ÅRS- BUDSJETT	REST- BUDSJETT
-------	--------------------	--------------------	--------------------	------------------	-------------------

Kostnader:

10800 <u>Fast godtgjersle til politis</u>		102	102	140	140
10990 <u>Arbeidsgjevaravgift</u>		15	15	20	20
11000 <u>Budsjettfordeling</u>		180	180	240	240
11600 <u>Bilgodtgjersle, oppgaveplikt</u>	2		-2		-2
11610 <u>Kostgodtgjersle, oppgaveplik</u>	1				-1
11700 <u>Reiseutgifter, ikkje oppgave</u>	1				-1
SUM Kostnader:	4	297	293	400	396
NTO DRIFT	4	297	293	400	396
NETTO Fylkeseldreråd	4	297	293	400	396



Arkivnr: 2014/557-104
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	29/15	24.09.2015

Evaluering av Eldrerådskonferansen 2015

Samandrag

Fylkeseldrerådet arrangerte Eldrerådskonferanse for kommunale eldreråd i Hordaland 22.-23. september 2015. Konferansen fann stad på Radisson Blu Hotel Norge i Bergen og hadde 55 påmelde deltakarar frå 23 kommunar.

Eksterne foredragshaldarar heldt innlegg om følgjande fire tema: Kommunereforma i Noreg, Utfordringar innan demensomsorg, Erfaringar med samhandlingsreforma innan helse- og eldreomsorg og Morgondagens eldreomsorg. (Sjå vedlegg: Program).

Fylkeseldrerådet evaluerer konferansen i dagens rådsmøte.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Janne Værnø
kommunikasjonsdirektør

Arild Sondre Sekse
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Eldrerådskonferansen

for alle kommunale eldreråd i Hordaland

22.- 23. sept. 2015, Radisson Blu Hotel Norge, Bergen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



PROGRAM

Tysdag 22. september

10:00-11:00
Registrering og servering av kaffi, te og noko å bite i

11:00 **Velkomen**
v/ Margot Bertheussen, leiar for fylkeseldrerådet i Hordaland

11:10 **Helsing**
v/ Anne-Beth Njærheim (V),
leiar i kultur- og ressursutvalet

11:20 **Kulturinnslag**

11:35 **Kommunereforma: fakta, utfordringar og status før kommunevalet**
v/ Ole Bakkebø, rådgjevar, Fylkesmannen i Hordaland

12:30 **Lunsj**

13:30 **Utfordringar innan demensomsorga**
v/ overlege Paal Naalsund, geriatrisk avd.,
Haraldsplass diakonale sjukehus

14:30 **Innsjekking / pausemat**

15:00 **Friluftslivets år! Felles utflukt i Bergen (Ta med lette tursko/gåsko)**

17:30 **Fritid**

19:30 **Middag med kulturinnslag**

Onsdag 23. september

09:00 **Allsong**

09:10 **Erfaringar med samhandlingsreforma innan helse og eldreomsorg**

Perspektiv helseforetak
konst.adm.dir Anne Sissel Faugstad,
Haukeland universitetssjukehus.

Perspektiv kommune
ordførar Astrid Byrknes, Lindås kommune.

10:40 **Utsjekking / pausemat**

11:10 **Gruppearbeid**

11:40 **Drøfting i plenum**

12:00 **Morgondagens eldreomsorg**
v/ Stein Husebø, Verdighetsenteret

13:00 **Avrunding**
v/ leiar Margot Bertheussen

13:10 **Lunsj**

Heimreise



Eldrerådskonferansen 2015

Praktisk informasjon:

Prisar for enkeltrom m/ heilpensjon:

F.o.m. lunsj 22. sept t.o.m. lunsj 23. sept: kr 1 295,-
F.o.m. 21. sept t.o.m. lunsj 23. sept: kr 2 590,- (ekskl. måltider 21. sept).
Dagpakke (dvs kaffi/pausemat): kr 505,-

Det vil i etterkant av konferansen bli sendt ut faktura for opphaldet til dei respektive kommunane. Difor viktig å oppgje fakturaadresse ved påmelding. Ta gjerne med lette tursko/gåsko til utflukten.

NB: Sekretær eller leiar for kvart eldreråd må melde inn påmelding/namneliste på kven som skal delta på konferansen innan **1. september 2015** til epost: ariseks@hfk.no

(Kopier/skann gjerne skjemaet på dette arket.)

Påmelding til eldrerådskonferansen 22.-23. september 2015, Radisson Blu Hotel Norge, Bergen

Eldrerådet i kommune.

Namn på sekretær:

Mobil: Epost:

Fakturaadresse:

Namn og funksjon i rådet	Mobil:	Opphald 22.-23.sept (1 natt). Sett X	Opphald 21.-23. sept (2 netter). Sett X	Opplysn. om allergi, tilrettelegging, etc
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>



Arkivnr: 2014/557-106
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd 2014

Samandrag

Årsmelding for fylkeseldrerådet 2014 er framlagt som vedlegg til godkjenning av fylkeseldrerådet.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner «Årsmelding for Hordaland fylkeseldreråd» som framlagt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Geir Davidsen
Personaldirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Årsmelding 2014

Hordaland fylkeseldreråd

Innleiing

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar som vart lovpålagt frå 1. januar 1992, har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem eldre. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedteke av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

«Eldre skal vere integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, dugleik og erfaringar med yngre generasjonar».

Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet skal handsame saker på alle samfunnssektorar. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens seniorråd, som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon, 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2011.

Saksdokument og møtebøker frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

Samansetjing av fylkeseldrerådet

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To av representantane er politisk valde frå fylkestinget og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

Valperioden 2011 – 2015:

Margot Bertheussen – leiar
Kåre Ystanes – nestleiar
Martin Monrad Reigstad – medlem
Arne Gunnar Trædal – medlem
Anne Karin Davidsen – medlem

Vara: Minda Olsen
Vara: Solveig Karin Vassenden
Vara: Magnus Normann
Vara: John Fløysand
Vara: Svein Njåstad

Politisk valde representantar:

Jette Lunemann Hansen (A)

Dagfinn Vik (FRP)

Vara: Tore Svendsen (SV)

Vara: Bjørn Arne Aakre (FRP)

Fylkeseldrerådet er representert i brukarutvala ved:

Helse Bergen

Repr: Margot Bertheussen Vara: Martin Monrad Reigstad

Haraldsplass diakonale sykehus

Repr: Arne Gunnar Trædal Vara: Jette Lunemann Hansen

Helse Fonna

Repr: Kåre Ystanes

(Frå 1. nov. 2014 vart representasjon overført til Rogaland fylkeseldreråd og Kåre Ystanes vart vara-representant frå same dato).

Helse Vest

Repr: Dagfinn Vik

(Frå 1. nov. 2014 vart representasjon overført til Rogaland fylkeseldreråd og Dagfinn Vik vart vara-representant frå same dato).

Sekretariat

Fylkeseldrerådet har møtesekretær/sakshandsamar/rådgjevar som administrativt er tilknytt organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Ingeborg Borgen Takle har hatt sekretariatfunksjonen i 2014.

Arbeidsutval

Margot Bertheussen (leiar), Kåre Ystanes (nestleiar) og Ingeborg Borgen Takle (sekretær) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet.

Budsjett

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet i Hordaland hadde til disposisjon eit budsjett på kr 325 000,- i 2014. Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, den årlege konferansen for dei kommunale eldreråda, deltaking på konferansar, seminar og samarbeidsmøte med fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar.

Kurs og konferansar:

Eldrerådskonferansen 2014

Fylkeseldrerådet arrangerer årleg ein todagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2014 vart lagt til Grand Hotel Terminus i Bergen, onsdag 8. til torsdag 9. oktober 2014. Fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes opna konferansen og eleva frå Langhaugen vidaregåande skole stod for kulturinnslag. Konferansen hadde fylgjande tema og innleiarar:

- Orientering frå Statens Seniorråd v/ leiar Wenche Frogn Sellæg
- Samhandlingsreforma i Hordaland- status v/Christer Bakke Frantzen ,seniorrådgjevar Fylkesmannen i Hordaland
- FN- konvensjonen og universell utforming – med fokus på eldre v/ Inger Marie Lid, førsteamanuensis Høgskulen i Oslo og Akershus
- Språk i helse og omsorg v/Magny Nordtveit, styrar Fyllingsdalen sjukeheim
- Kultur for eldre v/ Ronny Skaar, utviklingssjef kulturavdelinga Hordaland fylkeskommune
- Eldre , mobilitet og velferd v/Susanne Nordbakke, forskar Transportøkonomisk Institutt
- Samferdsel og eldre i Hordaland fylkeskommune v/Nils Egil Grude, seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune
- Livskvalitet og livsglede v/ Hans Olav Tungesvik, medlem av Statens Seniorråd, psykiater og forfattar

Samferdsel og samhandlingsreforma vart drøfta i plenum. Eldrerådskonferansen er eit nyttig forum kva gjeld faglig inspirasjon, meningsutveksling og sosial møteplass.

På bakgrunn av gruppearbeidet, sende fylkeseldrerådet ei eit brev til alle kommunar i Hordaland der problemstillingar vedr eldreråda sine arbeidsforhold vart reist, m.a. at nokre råd opplevde for seint tilsendte saker, brev og meldingar som ikkje nådde fram til råda, sekretærfunksjon, mm.

Landskonferansen 2014

Det vert årleg skipa ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eitt av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet saman med Statens seniorråd. I 2014 vart denne konferansen lagt til First Hotell Ambassadeur i Drammen 20. til 22.mai, med Buskerud fylkeseldreråd som arrangør og vertskap.

Konferansetema og innleiarar:

- Opning av konferansen v/fylkesordførar Morten Eriksrød
- Kulturelt innslag v/Martin Haug og Birgitte Stærnes
- Aktuelt frå Statens Seniorråd v/ leiar Wenche Frogn Sellæg
- Kartlegging og oppsummering av kommunale og fylkeskommunale rådsordningar v/prosjektleder Marte Winsvold frå NIBR
- Universell utforming – status og framtidsplaner v/Barne, likestillings og inkluderingsminister Solveig Horne
- Velferdsteknologi i regi av Vitensenteret helse og teknologi v/leder Janne Dugstad
- Brukermedvirkning og velferdsteknologi v/professor Kirsti Skovdahl Høgskulen Buskerud og Vestfold
- Workshop i Vitensenteret Helse og Teknologi med demonstrasjon av velferdsteknologi – hjelpemiddel-sentralen i Buskerud og Vitensenteret
- Aldersdiskriminering v/Eirik Råd Herlofsen, Statens Seniorråd
- Frivillighetens betydning for samfunnet v/ Fylkesmann Helen Bjørnøy

Vestlandssamlinga - studiereise

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid. I 2014 vart dei tre råda samde om å ta ei studiereise for å lære om livsvilkår og omsorg for eldre på Island. Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane var vertskap for samlinga og hadde ansvar for reiserute og program. Reisa vart gjennomført frå 4. – 8. mai, 2014.

Dag 1

Fellesreise frå Flesland til flyplass Reykjavik. Busstur til den Blå Lagune og vidare til samling på hotellet.

Dag 2

Avreise til Borgarfjordur med vitjing ved Brakarlid sjuke og pleieheim i Borgarnes. Magnus B. Jons-son og rådmann i Borgarnes kommune Pall S. Brynjarsson gav ei grundig orientering om innhald og drift av institusjonen. God og nyttig informasjon til råda. Reiste deretter til Deildartunguhver – Euro-pas største varmtvasskjelde. Ankomst Snorrastofa med opphald i 2 timar for omvisning og matøkt. På turen attende til hotellet fekk vi sjå både Hraunfossar og Barnafoss, ei fantastisk oppleving.

Fellesmøte på hotellet for dei tre råda. Her vart utveksla erfaringar frå dei tre fylkeseldreråda. Fyljan-de saker vart drøfta:

- Mandat til dei tre ulike fylkeseldreråda
- Budsjett 2014
- Saker til landskonferansen 2014
- Vestlandssamlinga 2015
- Viktige saker for rådsarbeid frametter

Dag 3

Fagdag i Reykjavik: Vitjing på velferdsministeriet med orientering om eldreomsorga på Island v/ Bryndis Thorvaldsdottir. Siv Frioleifsdottir, tidlegare alltingsrepresentant og helseminister, formidla mykje nyttig informasjon. Ho fortalde òg om ei vitjing i Bergen der ho hadde vitja to sjukeheimar og kom med ei anmodning: Eldreråda og kommunen må jobbe meir med konseptet «kultur og helse.» Besøk på Mørk Sjukeheim og eldrebustadar. Omvisning og orientering v/styreleiar Gisli Pall Palsson. Programmet for dagen vart avslutta med sosialt samvær på Restaurant Perlan. Vertskap: Fylkes-eldrerådet i Sogn og Fjordane.

Dag 4

Heimreise med fly til Flesland. Det har vore ein nyttig og interessant reise for fylkeseldreråda både fagleg og kulturelt.

Møte og saksområde 2014

Fylkeseldrerådet har i 2014 hatt 6 rådsmøter og handsama 59 politiske saker, samt hatt føre 52 referatsaker (meldingar). Rådet har gjeve uttale til 6 høyringsframlegg. Arbeidsutvalet har hatt 7 møte.

Rådsmøte

- 06.02.2014: Eva Kvamme, spesialrådgjevar tannhelseavdelinga i fylkeskommunen orienterte om tannhelse for eldre
- 09.04.2014 : Nils Egil Grude: Orientering- kollektiv strategi, transportplanavd.
- 18.06.2014: Birte Markeseth Aasen, seksjonsleiar administrasjonsavdelinga orienterte om fylkeseldre-rådets mandat. Helene Jensen Lien, 1. konsulent, regionalavdelinga og Joachim Bratland, IT- seksjo-nen, orientering IT-service.
- 18.09.2014: Ronny Skår, utviklingssjef Kultur og idrettsavdelinga /Marianne Osen Askvik, rådgjevar, Kultur og idrettsavdelinga: Orientering, «Den kulturelle spaserstokken». Fylkeskommunen har fått an-svar for søknadshandsaminga og fordeling av midlar til kommunane.
- 06.11.2014: Johnny Stiansen, fylkesdirektør økonomi , orienterte om fylkesrådmannens forslag til bud-sjett 2015. Torunn Lausund, rådgjevar tannhelsetenesta orienterte om framlegg til ny Klinikstruktur for tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune.
- 03.12.2014: Erlend Iversen, spesialrådgjevar samferdselsavdelinga, orientering.

Høyringsuttale i saker

Fylkeseldrerådet har i 2014 gjeve uttale i følgjande høyringssaker:

Handlingsplan for trafikksikring

Uttale: «Fylkeseldrerådet meiner at trafikksikringsplanen er eit godt dokument og som ein trur vil ha ein positiv effekt for trafikantane. Når det er sagt meiner rådet at sjølv om planen drøftar effektane av ein auke i gruppa eldre framover, har ein ikkje hatt nok fokus på dette. Eit tiltak som fylkeseldrerådet trur kan bidra til å senke ulukker med eldre trafikantar er kursa som blant andre NAF held for sjåførar over 65 år. Rådet meiner at desse kursa burde få større merksemd og vere eit av tiltaka til Trafikksikringsplanen.»

Regional plan for folkehelse

Uttale: «Fylkeseldrerådet (FYEL) er sterkt opptekne av folkehelsa. FYEL er samd i at folkehelsearbeidet må vare heile livet, men FYEL er naturleg nok mest oppteken av folkehelsearbeidet retta mot den eldre delen av folket i Hordaland. FYEL er serleg nøgd med at universell utforming går som ein raud tråd gjennom planen. Universell utforming er avgjerande for at dei fleste eldre kan bu heime så lenge som mogeleg. Folkehelseplanen omhandlar område som er særns naudsynt blant den eldre delen av folket. FYEL vil sette fokus på Tema 5: «Aktivitet og sosial deltaking.»

Ut frå prognosar som føreligg vil talet eldre auka kraftig i mange år framover. Kommunane vil stå framfor store utfordringar innan folkehelsearbeide blant den eldre delen av folket. Sjølv om folkehelseplanen er retta mot alle aldersgrupper meiner FYEL ein i planen bør synleggjera det behov som kan forventas for særskilt tilrettelegging for ein del eldre med svekka helse noko som i større omfang vil oppstå blant dei eldre. Dette bør ein i planen ta omsyn til slik at flest mogleg eldre kan få delta i aktivitetar og sosiale lag i lokalsamfunnet.

FYEL er samd i at frivillige lag og organisasjonar er naudsynte samarbeidspartar for kommunane. Mange eldre deltar aktivt og er ein stor og viktig ressurs innan folkehelsearbeidet. Tannhelse er viktig, og serleg for eldre. FYEL er av den meining at utgifter ved tannbehandling skal prioriterast inn i folketrygda på lik linje med andre helseplager og sjukdommar.

Også «Partnerskap for folkehelse» er ein viktig del av planen og ikkje minst «Handlingsplanen 2014-2017». FYEL er av den meining at Fylkeskommunen må samarbeide tett med kommunane, også økonomisk. FYEL er av den meining at både «Regional plan for folkehelse 2014-2025» og «Plan for handlingsprogram 2014-2017» er gode og gir von om at folkehelsa i Hordaland går gode tider i møte».

Regional plan for attraktive senter

Uttale: «Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd når det gjeld hovudmåla i planen. FYEL er òg samd i oppdelinga i fylkessenter og regionsenter. Kommunesentra er viktige når det gjeld

kommunale tenester og daglegvarehandel. Serleg gjeld dette helsetenester. Lege og helsetehus bør samlokaliserasast, og tilbodet bør vere lokalisert til der folk flest bur. Når det gjeld **bustadpreferansar**, har FYEL og merka seg at serleg eldre folk gjerne vil busetje seg i tettbygde strøk. Når det gjeld kvaliteten i bustadområde, bør ein, som planen seier, helst ikkje bu høgare enn i 5.etasje. Dette gjeld ikkje berre for barne-familiar, men i høgste grad også for eldre menneske. I tillegg bør det vere heis. Når det gjeld **struktur og form**, bør det etter FYEL sin mening leggjast stor vekt på at uteareala blir utforma estetisk og med trygge gangveggar. I nærleiken av tettstader bør det og vera gangstiar som eignar seg for eldre folk. FYEL er og oppteken av at ein bør ha møteplassar i lokalsamfunnet. Når ein vert pensjonist og kanskje har mykje fritid, er det viktig at ein kan ha ein plass i møtetast. **Kjøpesenter – lokalisering og transportmønster** er noko FYEL og er opptekne av. For fleire kommunar/distrikt kan det vere betydeleg avstand til dei regionale sentra. Her vil det vere store variasjonar i transportbehov. Difor er det særst turvande med eit godt tilrettelagt kollektivt transporttilbod særskilt for dei eldre. Mange eldre har ikkje sertifikat, og då vert dei avhengige av slekt eller vener for transport til eit kjøpesenter. I distrikta bur dei ofte nær ein matvarebutikk, og det går ofte bussruter til og frå. Når det gjeld **transport**, er FYEL samd i at kollektivknutepunkt bør vere attraktivt, trygt og universelt utforma. Og taxitilbodet bør samlokaliserasast med kollektiv-knutepunkt. FYEL er og av den mening at bestillingsruter, slik det var ei tid, bør opprettast på nytt, serleg i distrikt- og utkantstrøk. **Handlingsplanar** er viktige for å nå måla. FYEL set stor pris på at handlingsplanar er konkrete, og FYEL vonar at det frå Fylkeskommunen si side vert budsjettert med midlar slik at handlingsplanane vert sett ut i livet.»

Regional kulturplan «Premiss; kultur»

Uttale: «Fylkeseldrerådet meiner den regionale kulturplanen er ein særst bra og omfattande plan. Planen gjev eit tydeleg bilete av mangfald innan kultur som fylkeskommunen og kommunane skal satse på i åra frametter. Fylkeseldrerådet vil kome med nokre merkningar/synspunkt som rådet er oppteken av.

«Den kulturelle spaserstokken» er særdeles naudsynt når det gjeld formidling av ulik kultur til dei eldre i kommunane. Fylkeseldrerådet vil be om at ein får delta i prosessen om tildeling. Fylkeseldrerådet meiner løyvingane bør aukast i åra framover. Fylkeskommunen bør syte for at det frå sentralt hald vert løyvd fleire midlar til kulturføremål for eldre. Ein vesentleg auke av talet eldre i åra framover bør vere ei tilstrekkeleg grunngeving.

Biblioteka er i dei siste åra vorte ein viktig møtestad for folk i alle aldersgrupper i mange kommunar. Dei eldre nyttar biblioteka i større grad enn tidligare der tilhøva ligg til rette for dette. Biblioteka er i fleire kommunar vorte ein viktig kulturarena for mange eldre. Fylkeseldrerådet meiner både fylkeskommunen og kommunane må syte for at alle kommunar har bibliotek der ulike kulturtilbod og tilgjenge er lagt til rette. Biblioteka bør vere i rimeleg nærleik til brukarane. Dei eldre har i aukande grad teke i bruk data og mange er flittige brukarar av digitale system. Biblioteka bør legge til rette for opplæring og nyttegjering av data der også dei eldre kan ta del i den teknologiske utviklinga på lik linje med folket generelt.

Kulturplanen legg vekt på ei sterkare inkludering av born og unge med fleirkulturell bakgrunn noko fylkeseldrerådet sjølv sagt er samd i. Fylkeseldrerådet meiner det også er trong for å inkludera dei eldre med ulik kulturell bakgrunn i ulik samanheng. Dette gjev eit breiare kultu-

relt mangfald. Amatørkulturråd bør etablerast i alle kommunar, etter mal av idrettsråda. Det bør finnast ein oversikt over alle verkemidlar og støttemidlar tilgjengeleg i fylket i planen. Fylkeseldrerådet meiner at den eldre del av folket i det heile har interesse og deltek i ymse kulturtilbod på lik linje med folket elles».

Kollektivstrategi for Hordaland

Uttale: «Fylkeseldrerådet (FYEL) er samd i mesteparten både når det gjeld struktur, tema og føringar som er lagt til grunn i strategien. FYEL er mest opptekne av korleis denne strategien vil virke for den eldre delen av folket i Hordaland, naturleg nok. Etter FYEL si meining er det sers viktig å auke kollektivtrafikken mest mogeleg slik at ein på best mogeleg vis tek omsyn til miljøet. Det er likevel slik at i mange distrikt der det ikkje er mogeleg å nytte kollektivtilbodet fullt ut, må privatbilen nyttast. Sjølv om det ikkje høyrer heime i ei melding om kollektivstrategi, bør fylkeskommunen heile tida ha fokus på, og oppmode om at folk flest bør gå over til el- og hybridbilar når dei skal skifte bil. FYEL meiner og at framkomst for kollektiv- og privat trafikk stadig vert hindra av trailerar med sjåførar som har lita røynsle og som er lite eigna til å bruke på vegane våre.

FYEL er og oppteke av at alle kollektive transportmidlar etterkvart bør få universell utforming. Det gjeld ikkje berre transportmidlane, men og haldeplassar o.l. Det er viktig, slik som meldinga seier, at ein har som siktemål at dei ulike transport-midlane korresponderer med kvarandre. FYEL har motteke ein del klager på at det t.d. ikkje alltid er like god korrespondanse mellom buss og ferje. I regn, snø og kulde er det ikkje så lett for eldre menneske å måtte stå ute om der ikkje finst opphaldsrom eller leskur. Når det gjeld billett- og takstsystem, er den eldste delen av folket ikkje serleg kjende med mobiltelefonar og app-ar. Difor bør det vere slik at ein framleis bør ha billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar. Det er etter FYEL si meining og naudsynt å ha takstar og ruter i hefte-form. FYEL har og mange gonger uttalt at ein, på hurtig-gåande båtar, bør gå rundt og selje billetter til eldre og funksjonshemma, serleg i dårleg ver. Utsagnet i meldinga om at «grunn-tilbodet i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen», er FYEL ikkje samd i. Serleg distrikta i Hordaland treng tidlegruter, seinruter og natruter. I skulefrie periodar bør og rutene gå som vanleg, sjølv om dei er sette opp som skuleruter».

Tannhelsetenesta - klinikkstrukturplan 2015 – 2030

Uttale: «Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjend med dei endringar som ligg føre når det gjeld forslag til ny klinikkstrukturplan i Hordaland. Planforslaget syner ein betydeleg reduksjon i talet tannklinikkar i fylket med fleire ulike grunngevingar. Det er lagt vekt på større lokale med fleire rom som er fysisk betre tilpassa heile folket – Universell utforming, tilgjenge på betre og meir avansert utstyr, stabilt personale og betre tilgang på kompetanse. Fylkeseldrerådet meiner det er serleg positivt at tannhelsa i aukande grad har betra seg og at dette og gjeld den eldre del av folket. God tannhelse har stor innverknad på helsa generelt hjå alle aldersgrupper. Forslaget frå fylkestannlegen skal ut frå planen som føreligg gjeva eit betre tannhelsetilbod til ulike lovpålagte grupper. Rådet vil særleg sjå nærare på tilhøva for dei eldre i høyringsuttalen.

Tannhelseteneste til lovpålagte grupper

I lov om tannhelseteneste er nedfelt at den offentlege tannhelsetenesta skal gjeva eit regelbunde og oppsøkjande tilbod til barn og unge under 18 år, til psykisk utviklingshemma og til eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie. Fylkeseldrerådet vil i fyrste rekke retta merksemda til punktet som omhandlar grupper av eldre og uføre både i institusjon og heimesjukepleie. Når det gjeld klinikkar på sjukeheimar ser vi i planen at det er 5 sjukeheimar som har eigen tannklinikk der alle ligg i Bergen kommune. Dei andre sjukeheimsbebuarane ute i distrikta og likeeins heimebuande som treng heimesjukepleie lyt i dag reise til næraste hovudklinikken for behandling. For å unngå dei ulemper det vil medføre å reise til tannklinikk utanfor institusjonen er å heve standaren på dei eksisterande tannklinikane ei betre løysing for pasientar ved dei institusjonar dette er aktuelt. Fylkeseldrerådet meiner tannklinikane knytt til sjukeheimar må oppretthaldast. Fylkestannlegen bør legge til rette for ei tannhelseteneste der alle grupper som rettmessig er knytt til «Lov om tannhelsetenesta» får eit best mogleg tannhelsetilbod når klinikkstrukturen vert endra. Ulemper planen kan medføre må ein unngå i størst mogleg grad.

Reisetid /Reiseavstand

Fylkeseldrerådet meiner dei største ulempene for einskilde grupper/einskild pasient vil vera endring i reiseavstand/reisetid, ulikt frå kommune til kommune. Dei aller fleste treng reisefylje med dei avstandar fylkestannlegen legg opp til. For dei kommunar som må nytte både fergje og busstransport/drosje til tannklinikken kan ulemper dette medfører verta ei stor belastning for mange. Dette gjeld dei fleste grupper i distriktet både heimebuande og i institusjon, særleg den eldre del av folket. I planen gjev Fylkestannlegen gir uttrykk for ei akseptabel reisetid opp mot ein time kvar veg til tannklinikane. Fylkeseldrerådet er usamd i denne vurderinga. Einskilde pasientar kan ut frå både fysisk og psykisk helsetilstand påførast unødige ulemper. Ein bør taka omsyn til at einskilde kommunar må nytte både fergje i tillegg til buss, drosje eller anna transport der reisetida kan strekke seg over betydeleg lenger tid enn reiseplanen syner. Både ventetid på fergje og andre upårekna ulemper kan vera årsak til ei lenger reisetid enn forventa. Særleg for eldre og uføre pasientar kan reisetida verta ei unødig påkjenning. I klinikkstrukturplanen har fylkestannlegen i fyrste rekke teke omsyn til økonomi og kompetanse, noko som sjølv sagt er turvande. Fylkeseldrerådet meiner ein i planen ikkje har teke tilstrekkelig omsyn til reisetid/avstand til tannklinikkar og ulemper dette kan medføre for ulike grupper. Rådet meiner omsyn til den forventa auke av den eldre del av folket i åra frametter er lite synleg i klinikkstrukturplanen. For å unngå unødig lang reisetid meiner fylkeseldrerådet det må kunna innreiast ein buss til tannhelseteneste, slik at eldre menneskje slepp å reise langt av garde for å stelle tennene sine. Fylkeseldrerådet tenkjer fyrst og fremst på menneskje som bur på institusjonar og eldre som er heimebuande, men som er funksjonshemma eller har vanskeleg for å kome seg til tannhelsetenesta. Dette gjeld særleg i distrikta som misser dei fleste av tannhelseklinikane sine.

Tannhelsepersonale

Klinikkstrukturplanen legg opp til større klinikkar med tilstrekkelig utstyr og fagkompetanse der tilsette får eit stabilt og godt fagmiljø. Det vert òg framheva at ambulering er lite ettertrakta blant tilsette. Sjølv om tilsette stundom lyt ambulere til tannklinikkar som ikkje dagleg er i bruk stiller fylkeseldrerådet seg undrande til at dette ofte vert vurdert som hovudgrunna til at tilsette søkjer seg bort frå distrikta. Tannpleiarane er ei viktig og turvande ressurs og tilsynelatande ei stabil gruppe ute i distrikta. Tannpleiaren er ofte den tilsette både born og eldre møter fyrst i samband med tannbehandling på tannklinikane. Fylkeseldrerådet ser det som særleg turvande at fleire mindre klinikkar i distrikta vert oppretthaldne av omsyn til regelmessig tannpleie / behandling hjå enkelte grupper. Lengre avstand og reisetid kan medføre at einskilde pasientar utset nødvendig tannbehandling. Fylkeseldrerådet ser at det er fleire gode grunngevingar for endringar i klinikkstrukturplanen. Rådet meiner ein må vurdere nærare dei ulemper som endra avstandar og reisetid kan påføre enkelte pasientgrupper der tannhelsetenesta er lovpålagt. Ovannemnde bør setjast i ein vidare samanheng med heile klinikkstrukturplanen i fylket».

Budsjettforslag – 2015, Hordaland fylkeskommune

Uttale: «Fylkeseldrerådet (FYEL) er nøgd med den føreslegne løyvinga til Fylkeseldrerådet. I budsjettet er det teke høgde for at FYEL skal arrangere konferanse for vestlands-samarbeidet i 2015. FYEL registrar at Tannhelsedistrikt aust får heile 14.5 % mindre enn i 2014, medan alle dei andre tannhelsedistrikta får likt eller meir. FYEL kjem med ein eigen uttale om tannhelsetenesta. Løyving til friluftsføremål er i framlegget redusert med 5 %. Dette tykkjer FYEL ikkje samsvarar med at folkehelsa skal styrkjast, og når det gjeld den eldre del av folket, burde det i høve til gradering og merking av turløyper t.d. vore avsett langt større beløp. Fylkesvegane er mange stader i dårleg stand. Difor er det bra at det i framlegget til budsjett er auke til fylkesvegane. Auken er likevel, etter FYEL si meining, altfor liten for å rette opp den dårlege standarden. Når det gjeld båtrutene, gjer FYEL merksam på at det framleis ikkje har skjedd noko om bord på hurtigbåtane som tilseier at billettørane bør gå rundt og selja billetter til eldre folk når veret er stygt. FYEL opprettheld dette kravet, og det bør leggjast inn i anbodskrava når nye anbod skal lysast ut. Når det gjeld bussrutene tykkjer FYEL det er urett at eldre folk som kjøpar billett om bord på bus-sen skal betale tilleggskast. Når det gjeld løyvingar til kulturføremål, registrerar FYEL at det ikkje er sagt noko om «Den kulturelle spaserstokken». Det er kanskje naturleg sidan Regjeringa i statsbudsjettet for 2015 har stroke denne posten. Men FYEL er av den meining at Fylkeskommunen burde ha protestert på at denne posten skulle falla bort. FYEL har sjølv teke opp denne saka med Regjering og Storting, og vi vonar at dette kan føra til at løyvingar til «Den kulturelle spaserstokken» kan halda fram. Ellers er FYEL nøgd med at løyvingane til kulturføremål vert auka med 3 %. Og FYEL tykkjer om at biblioteka i Hordaland skal vera møteplassar og arena for offentleg samtale og debatt».

Fylkesrådmannen sitt forslag til reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland

Fylkeseldrerådet foreslo endringar til fylkesrådmannen sitt framlegg til reglement som skulle handsamast i fylkestinget 14. oktober 2014. Dette er fylkesrådmannen sitt forslag:

REGLEMENT FOR FYLKESELDRE RÅDET

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for eldre i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har sju medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemene i samferdselsutvalet og eit medlem med varamedlem mellom medlemene i opplæring- og helseutvalet. Fem medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Fylkeseldrerådet kan innan sitt arbeidsområde:

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett.
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for eldre.
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram.
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for eldre knytt til fylkeskommunal verksemd.

Fylkeseldrerådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd. Fylkeseldrerådet skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar. Årsmelding frå Fylkeseldrerådet vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

b. Saker der Fylkeseldrerådet har avgjerdsmynde:

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Fylkeseldrerådet.

c. Saker der Fylkeseldrerådet gjev tilråding:

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre.

d. Fråsegner

- Fylkeseldrerådet kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Fylkeseldrerådet har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.

4. Sakshandsaming

For Fylkeseldrerådet gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

I si uttale føreslo fylkeseldrerådet følgjande tillegg til punkt 2 til det framlagte reglementet:

1. Rådet kan ta opp saker som gjeld eldre i fylket.
2. Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.
3. Rådet kan samarbeide med andre organisasjonar.

I fylkestinget vart fylkeseldrerådet sitt endringsforslag fremja av Bente Bondhus (SP).

Forslaget fekk 28 røyster (Sp, A, SV, MDG, KrF) og fall.

Fylkesrådmannen argumenterte i sakshandsaminga med at fylkeseldrerådet sine endringsforslag var ivaretekne i det framlagde reglementet.

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Den kulturelle spaserstokken

Fylkeseldrerådet sende 23. oktober uttale til Stortingspresidenten vedrørende «Den kulturelle spaserstokken» som i Statsbudsjettet for 2015 var føreslege avvikla. Kopi vart sendt til kulturministeren, familie- og kulturkomiteen og dei parlamentariske leiarane for Høgre, Frp og Krf.

Uttale: «Fylkeseldrerådet i Hordaland er av den meining at bortfall av løyving over statsbudsjettet til «Den kulturelle spaserstokken» frå 2015, ikkje kan akseptast. Den kulturelle spaserstokken har gjort det mogeleg for mange kommunar å arrangere mange kulturtilbod for eldre som bur på institusjon, men òg for mange som er komne i pensjonistalderen. Slike arrangement har vore til stor glede for svært mange eldre. Målet for «den kulturelle spaserstokken» har mellom anna vore «å bidra til at eldre får et tilpasset kulturtilbud på arenaer der de eldre befinner seg i dagliglivet». Vi vonar inderleg at Stortinget røystar for at «Den kulturelle spaserstokken» vert verande på statsbudsjettet, og aller helst slik at løyvingane vert auka. Fylkeseldrerådet i Hordaland vonar at alle representantane på Stortinget røystar for at «den kulturelle spaserstokken» vert verande på statsbudsjettet i mange år framover.»

Andre aktivitetar i fylkeseldrerådet

Grenselaus kultur.

Temadag for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Arrangør: Hordaland fylkeskommune. Kursstad: Radisson Hotel Norge. Frå fylkeseldrerådet deltok Jette Lunemann Hansen og Margot Bertheussen.

Grunnlovsjubileet 1814 – 2014.

Fylkeseldrerådet v/ leiar Margot Bertheussen var invitert til å delta på jubileumsmarkeringa. Jubileumsmøte i Korskirken med påfølgjande festmiddag på Grand selskapslokaler. Vertskap: Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Oppsummering

Fylkeseldrerådet har handsama saker på ei rekkje område. Særleg viktig er oppfølging av fylkeskommunale saker då rådet si viktigaste oppgåve er å gi uttale til fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkeseldrerådet får seg førelagt alle saksdokument til utvala og fylkestinget og kan såleis gi merknadar i dei fleste saker som vert handsama i dei politiske utvala.

Rådet har òg sitt eige budsjett som gjer det mogleg å kunne delta aktivt i utforminga av eldrepolitikken og samhandle med hordalandskommunane og andre fylkeskommunar i regionen. I sitt samarbeid med dei kommunale eldreråda ønskjer fylkeseldrerådet å stå til rådighet og støtte for desse.

Eit godt samarbeid med fylkeskommunen sine seksjonar og avdelingar gjev fylkeseldrerådet god innsikt i den fylkeskommunale verksemda. Fylkeseldrerådet bør såleis vera ein god rådgjevar for fylkeskommunen i saker som vedkjem eldre.

Margot Bertheussen
Leiar for Hordaland fylkeseldreråd

PS 31/15 Ymse